

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 3 SOMMAR 2009
34. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskeseth

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Midtsommar, dagen til Johannes døyparen, er passert. Men sommaren ligg og ventar framfor oss. Vi kallar 23. juni for både St. Hans og Jonsok. Begge nemningane kjem av namnet Johannes, som i dansk og på bokmål er forkorta til Hans, og i den mellomaldernorske tradisjonen til Jon. Dagen har nok blitt markert frå urgamle tider, sol-snu har hatt sine rituale i alle kulturar, også i det før-kristne Noreg. Då kristendommen blei innført, vart det Johannes døyparen sin minnedag.

Biletet på forsida viser ein landleg idyll. I hagen set ei kvinne og passar eit lite barn, i porten bak kjem det gjester som mannen i huset tek i mot. Den vesle som ligg på marka er Jesusbarnet. Maria er fokusert på sonen sin, ho let boka kvile i fanget, sansar mest ikkje gjestene som kjem. Josef, som tek i mot, ønskjer velkommen eit eldre par, Elisabeth og Zakarias, med sonen Johannes. Vi ser korleis han frå skuldra av far sin har oppdaga barnet i hagen og gleder seg til å leika med det. Elisabeth og Maria var i nær slekt. Lukasevangeliet fortel om dette eldre ekteparet. I biletunsten har motivet med dei to guteborna vore svært populært, særleg i renessansen.

Dette biletet ser også ut som eit renessanse-arbeid. Maria med bok, blå kappe og raud kjole passar inn i skjemaet, ho viser fram foten sin på same måte som i eit maleri av Rafael. Landskapet bak, himmelen og arkitekturen kunne også få oss til å tru at biletet var frå om lag år 1500. Men det er frå 1817, laga av tyskaren Julius Schnorr von Carolsfeld. Han var svært inspirert av italiensk 1500-tals kunst, og kopierte stilten derfrå. Derfor har kunstnaren ikkje noko namn i kunsthistoria, som nostalгisk svermar vart han latterleggjort av dei moderne i si samtid. Men for oss framstår biletet som både harmonisk og vakkert.

- Kristoffer Foldøy

EIT NYTT SINNELAG

ved Alf R. Kallestein

Difor, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning.

**Det gamle er borte, sjå , det er kome noko nytt
(2 Kor. 5,17)**

Som liten gutt var det ikkje så ofte vi fekk nye klede, men då eg ein og annan gongen fekk ei ny bukse eller jakka, blei eg veldig glad ,og det liksom skjedde noko med meg følelsesmessig: Eg kunne kaste vekk det gamle , men lærte fort at eg måtte passe på dei nye tinga eg hadde fått. Paulus vil også fortelja oss at det skjer noko nytt med oss når vi tek mot Jesus som vår frelsar.

Det fortelles at Ole Hallesby hadde problemer med kristendommen. Han studerte teolog og blei påverka av liberal teologi. Han meinte at kristendommen var ei tvangstrøye for den frie vitenskaplege tenking. Sjølv om han vaks opp i ein god kristen heim, tok han avstand frå den enkle trua på Jesus. Men etter ei tid med intense studier , forstod han at han var på ville vegar og fann tilbake til den enkle trua på Guds ord. ”*Det gamle er borte, sjå , det er kome noko nytt*”.

Vi kan nevne mange personar som har hatt ein ”oppryddingsaksjon” i sin eigen tankeverden-og kome til at dei har bygd sitt liv på feil grunnlag. Eit godt eksempel på det frå Bibelen er :Den Bortkomne Sonen. For han blei alt nytt både åndeleg og materielt.

Korleis får vi del i det nye livet?
Trua er ei livshaldning som er eit resultat av vårt møte med Jesus. Trua sin veg kan vera vanskeleg, men ikkje

umogeleg. Det er ein prosess du må gjennom i tanke og sinn. Eg kan ikkje sjå at det intellektuell skulle vera ei hindring for trua. Det er mange som har gått føre oss som har klart å kombinera tru og tanke på ein god måte. Vi må ikkje gjera trua så komplisert. Det det gjelder er å ha tillit til Guds ord og sleppe Jesus inn i våre hjerter.

Vidar Kristensen skriv så vakkert:


*Og når ordets nøkler åpner
en lukket hjertegrind,
går vi et skritt til siden
slik at Jesus slipper inn.*


Dersom vi opnar vår ”hjertegrind”, og har eit livssamfunn med Jesus, vil vi få eit nytt perspektiv på livet, uttrykt i songen:

*Det er han som eier livet,
det er ham vi hører til.
Med Jesus som vår hyrde
kan vi aldri gå oss vill*

Skal vi ta vare på det nye livet, må vi leve i nærleiken av Jesus og nyte dei ”kraftkanalane” vi har fått: Lese –og høre Guds ord, be saman, feire nattverd saman og vera saman i det kristne fellskap.

Så må vi vera praktiske i vår tru sjølv om vi ikkje forstår alt som skjer rundt oss.
God sommar.





KYRKJEPIZZAOMNEN

Då dei nye eigarane av prestehuset på Hamre skulle undersøkja kva som gøynde seg i kjellaren, kom dei over ein steinomn som viste seg å vera i fullgod stand etter litt restaureringsarbeid.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Privat

Andre pinsedag etter gudstenesta var på eit vis steinomnen tilbake i kyrkjeleg teneste. Då blei det servert rykande fersk pizza til kykjekaffien på Hamre. Det var mange som stoppa opp for å få ein smakebit og også få ta dette underet i augesyn, så det blei travelt for bakarane.

Klassisk steinomn

Den praktfulle steinomnen er murt inn i husfundamentet, og må vera like gammal som husgrunnane. Då er vi

attende til 1860 – tiåret, samstundes som Ole Bull fekk bygd villaen sin på Valestrand. Så nokon moderne innretning er det ikkje tale om, sjølv om det er akkurat slike ommar ein byggjer no til dags for å laga ekte italiensk pizza i moderne pizzeriaer.

Omnen på Hamre blei nok aldri bygd for pizzabaking, italiensk mat stod neppe på menyen i prestegarden hjå familien Jens Andreas Holst, som presten på den tid heitte. Derimot vart han nytta til brødbaking. Steinomnbakte brød er ikkje å forakta, bakeria reklamerer med slike brød i dag og.

Då Helene Myhre og Øyvind Hannisdal oppdaga omnene rett etter huskjøpet i 2005, var han gøynt bak ein kalka, slett vegg. Ein tverrbjelke oppe på veggen røpte at

det kanskje var ei grue bakom. Dei pirka i kalken, og fann ein murt vegg av nyare teglstein, noko heilt anna enn dei tjukke natursteinmurane i husfundamentet. Bak teglveggen var det eit holrom, og der inne såg dei også ei rusten jerndør som skjulte sjølve omnsrommet.

Omstendele prosess

Når omnen skal brukast, må han fyrast opp med ved fleire timer på førehand. Inne i det vesle omnsrommet med steinkvelving over kan det bli frykteleg varmt, 5 – 600 grader på det meste. Skal det steikast pizza, må ein venta til omnen er komen ned i om lag 350 grader, og då skal ikkje pizzaen stå inne i meir enn eit par minutt. For brødbaking må temperaturen ennå lengre ned, til rundt 250 grader. Brøda står inne i 40 minutt, noko kortare tid enn i vanleg



Helene Myhre matar omnene

steikeomn. Den direkte kontakten med dei varme steinane i omnen gjer at brødet får ei hard skorpe og vert ekstra saftig inni.

Omnene held lenge på varmen, eigarane har målt temperaturen til 120 grader eit døger etter fyring. I framtida vil dei prøva han ut til steiking av kjøt og fisk også, det går an å tenkja seg fleire bruksområder.

På vestlandet finn ein ikkje mange slike omnar, dei var meir utbreidde på storgardane austpå.

Der kom folk frå dei mindre gardane rundt til storgarden med omn for å baka. Dei hadde med seg ved og mjøl. Det er altså ei spennande kulturhistorie Helene og Øyvind har funne fram att i kjellaren sin, kanskje også ei gløymt kvinnehistorie. For det var nok for ein stor grad kvinnene som stod for denne aktiviteten.

Tidlegare bruk

Presten skulle halda eit stort hushald, så omnen har sikkert vore flittig i bruk. Vi må hugsa på at på den tid var kyrkjekontoret i heimen til presten. Her tok han imot gjester av ulik rang og med ulike ærend. Mange hadde reist langt, og kom svoltne fram. Det kan sjølv sagt ha vore prestekona som styrte med omnen, men meir truleg er det at dei som arbeidde på prestegarden gjorde det. Til presten på Hamre hørte ein gard med ein staseleg driftsbygning som stod der Hamre skule er i dag. Paktarbustad hørte også til. Medan paktaren arbeidde med gardsdrifta, kan paktarkona eller ei tenestejente ha hjelpt til med hushaldet.

Men på eit eller anna tidspunkt har omnen kome ut av bruk. Kanskje etter at det kom elektrisitet og ein kunne baka brød i komfyren på kjøkkenet. Og så sette ein opp denne veggen i tegl og konserverte heile innretninga, som no er kome attende i bruk.



Kyrkjebryggjar Jon J. Alver fikk oppdraget med å byggja prestehuset på Hamre våren 1867 for 1984 spesiedalar.



Lise-May Spissøy og Inger Lena Gåsemyr førebud pizzaen, bak ser vi Helene Myhre framfor omnen

BISKOP HALVOR NORDHAUG MED NY VISJON FOR BISPETENESTA

- Saman vil vi øre den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.


Et blikk inn i Gud

Hva ser du i dette bildet? Kanskje mest av alt fred. Tre skikkelser sitter bøyd mot hverandre rundt et bord. Mellom dem aner vi en fortrolig samtale. De danner en harmonisk krets som er åpen mot oss. Det er som om ikonen vil si: Kom nærmere! Kom inn i kjærlighetens åpne fellesskap.

AV HALVOR NORDHAUG

Og vi nærmer oss, nysgjerrige etter å få vite mer om dette bildets hemmeligheter. De er mange, og vi skal her bare se på noen av dem. Ikonen er malt av den store mesterinnen russisk ikonkunst, Andrei Rublev, rundt år 1400. Det forestiller de tre menn som i Første Mosebok, kapittel 18, besøker Abraham og Sara i eikelunden i Mamre, og forteller at Sara skal få en sønn. I løpet av denne fortellingen blir det klart at den ene av disse tre er Gud selv. Hvem er da de andre to? I den kristne kirke oppstod det etter hvert en tolkning som ser de tre som Faderen, Sønnen og Ånden. Det er denne tolkning som ligger til grunn for Rublevs bilde: «Den hellige treeinighet».

Til venstre sitter Faderen, Ånden er til høyre, og i midten sitter Kristus. Vi legger merke til at personene i fellesskap former en sirkel – symboler på fullkommenhet. Alle tre er vendt mot hverandre. Men vi aner Faderens særstilling ved at Ånden og Sønnen boyer seg mot Ham som lot Sønnen fødes og Ånden utgå. Sammen er de et fellesskap uten atskillelse og uten sammenblanding



der «Treenigheten må øres i enheten, og enheten i Treenigheten», slik det sies i Den Athanasianske trosbekjennelse.

I bildets sentrum står en kalk midt på bordet. I kalken ligger kalven som Abraham slaktet for sine gjester. Her blir den et bilde på Kristi offer. Med de to fingrene som symboliserer hans to naturer – Gud og menneske – peker Kristus på sitt offer idet han vender seg mot Faderen. Det er som om vi her får et blikk inn i Gud, inn i en guddommelig rådslagning hvor Sønnen ber Faderen om lov til å få være Guds lam som bærer verdens synd. Og vi skimter hvordan Faderen løfter fingrene på sin høyre hånd, og slik velsigner og tar imot Sønnens offer.

I sentrum av Gud selv er Kristi stedfortredende død for verden. Slik uttrykkes den gjensidige hengivenhet og offervilje som alltid og før all tid lever mellom disse tre. Derfor er ansiktsuttrykkene melankolsk vakre. Slik er den lidende kjærligheten. Skjønnhet og smerte. Bare der kjærligheten kjenner lidelsen for den elskedes skyld, er den også verd fullt ut å kalles kjærlighet.

En plass rundt bordet er åpen, vendt mot verden, mot meg. For også jeg har en plass i dette fellesskapet. Jeg er kalt til noe større enn bare å titte respektfullt inn i det guddommelige mysterium. Ånden peker mot den ledige plassen ved bordet og inviterer meg inn.

Jeg er kalt til å gå inn i dette evige kjærlighetens fellesskap. Min bestemmelse er intet mindre enn å få «del i guddommelig natur», slik det heter i et hvoedord for Den ortodokse kirke, hentet fra Peters andre brev. Det betyr ikke at mennesket skal bli som Gud, men innlemmes i fellesskapet med Treenigheten. Det er dette Jesus ber om: «Slik skal også de være i oss». Veien inn til dette guddommelige fellesskap går gjennom Kristi offer som rekkes meg i nattverdens kalk.

Rublevs ikon «Den hellige treeinighet» viser hvordan fellesskap er det innerste i Guds vesen. Gud er fellesskap. Før Gud elsket verden, er Gud kjærlighet i seg selv. Dette er den dypeste kristne sannhet om Gud. Derfor kan Guds vesen best beskrives slik som det skjer i Første Johannesbrev: «Gud er kjærlighet». ■

KONG HAAKONS KIRKE I KØBENHAVN

For oss som er vaks opp på Vestlandet, er vel ikkje sjømannskyrkja og sjømannsmisjonen framandord. Ettersom åra har gått, har sjømennnene vorte færre. For ein mannsalder sidan var sjømannskyrkjene eit bindeledd mellom heimlandet og sjøfolka. Mange som reiste i utanriksfart har gode minne frå besøk i ei eller anna av desse kyrkjene der norske aviser, brunost og vaflar gav ein smak av norsk kultur.

Tekst og foto: Hild Breivik

I dag er det lite sjøfolk som oppsøkjer sjømannskyrkjene, men desto fleire utflytta nordmenn finn ein sosial møtestad der. Me veit at både i Spania og på Gran Canaria utgjer fastbuande nordmenn ein stor del av dei besøkjande. I tillegg kjem trailersjåførar og andre som har midlertidig arbeid i utlandet.

Sjølv hadde eg aldri vore innom noko sjømannskyrkje før Kristi Himmelfartsdag i år. Det vart eit positivt møte som gjorde at me også gjekk til gudsteneste den påfølgjande søndagen. Kong Haakons kirke i København, som var ei folkegåve til kong Haakon, hadde 50-års jubileum i 2008. Kyrkja er lett å nå tak i der ho er plassert på Amager. Ho er bygd i stein, og omkring er det fine murar med busker og blomar som helsar oss velkomme. Inngangspartiet er som ei



norsk fjellstove med husflidsmøblar fint plassert i grupper. Dette fungerer som kafe der gjestene får kaffi, vaflar og elles ymse slags kaker. Kvar laurdag serverer dei risengrynsgraut. Innanfor dette kafeområdet ligg eit bibliotek og eit lokale som kan brukast til lukka selskap. Når ein har passert dette lokalet, kjem ein inn i sjølve kyrkjerommet. "Altertavla" er Jesu Himmelfart utforma av keramikkfliser. Alle materiala i kyrkja er henta frå norsk natur, sjølve koret er kledd med stråtapet laga på Austlandet.

På Kristi Himmelfartsdag var det fellesgudsteneste med den danske Vår Frelsers kirke og Kong Haakons kirke. Salmeboka den dagen var den

danske. Elles blir Norsk Salmebok og Salmer 97 brukt i kyrkja. Ho som heldt talen, var prest i Vår Frelsers kirke. Og prestekjolen var av det slaget som tidlegare var brukt her, svart med pipekrage.

For tida er det Magne Hoem som er prest i Kong Haakons kirke. Han kjem opphaveleg frå Møre og Romsdal og har verka som prest i Finnmark blant anna. Han og kona har no arbeidd i København i to år.

Det er travelt å vera sjømannsprest, sjølv om sjøfolka er borte. Svært mange reiser til København for å gifta seg, i tillegg til brudevigsler er det óg barnedåpar og gravferder. Gjennom heile veka er det lagt opp til aktivitetar for ulike aldersgrupper. Like i nærleiken av sjømannskyrkja ligg Det norske hus, mange der kjem på arrangement i kyrkja.

Det er lett å bli kjent med andre når ein set seg ned i kaferommet. Folk er ofte meir opne når dei er langt heimanfrå. Eg vil på det varmaste anbefala eit besøk i ei av vår kyrkjer i utlandet. Og så kan det også leggjast til at Den norske kyrkja i utlandet, som sjømannskyrkja no heiter, blir administrert frå Bergen og har same biskop som oss.



KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v: Karoline Harstad Bognøy, sokneprest Inge Sørheim, Solveig Sophie Hagenes, Sandra Mosevoll

2. rad frå v: Kristin Kleppe, Stina Selstø Greve, Hiwot Yengela Windt, Hege Kallekleiv Nilsen, Carina Kaland Stammes, Camilla Tveiten Johansen, Malin Strømsnes Vik

3. rad frå v: Espen Mosevoll, Are Rolland Raknes, Ingvild Revheim, Matilde Jacobsen, Magnus Bru Reigstad, Robert Bleikli

4. rad frå v: Gøran Mjelstad Bernes, Per-Christian Helland Rundhovde, Lars Fredrik Birkås, Aleksander Aase Kleveland, Jonas Neu Eriksen

Fotograf: Rune Solberg

KONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v: Brit Elise Geitheim, sokneprest Inge Sørheim, Karina Balestrand

2. rad frå v: Sirianna Solberg, Marlene Tysse, Adrian Hanstveit Hjellvik, Amanda Helle, Veronika Tvedt Lavik

3. rad frå v: Sondre Elvik Litland, Tommy Aleksander Kvarven, Håvard Tysse Hanstvedt, Henrik Drangevåg, Kjetil Andre Suleng Moen, Stig Bernes

Fotograf: Rune Solberg

KONFIRMANTAR I HAUS




1. rad frå v: Maria Mjelde, Ingrid Bøe Myking, Helene Myksvoll Fossmark, sokneprest Johannes Melve, kateket Gro Eman, Sara Nonås Langhelle, Birte Hetlevik

2. rad frå v: Lars Inge Torp, Ole Mjelde Veseth, André Skår Bernes, Sandra Ådland, Trygve Feidje Mjelde, Reynaldo Andrés Fossheim Galaz, Steffen Skaftun Børteit, Rebekka Rambjør, Martin Borge

3. rad frå v: Benjamin Mjelde Litland, Per Marcus Pedersen, Vebjørn Borge, Alexander Thunestvedt, Ruben Vatle Hernar, Markus Loftås, Trond Rivenes Lone.

Fotograf Storebo

KONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rad frå v: Christina Emilie Svendheim, Renate Melchersen Vevle, Solveig Mjelde, Karoline Ludvigsen Lillejord, Kristina Hagebø, Henriette Antun Hopsdal

2. rad frå v: Kristian Hansen Bruvik, Geir Olav Lone, Thomas Solberg Tysse, Christoffer Gjerstad Sjursen, Bjarte Vik Larsen, Jon Anders Kleppe, Henning Rød, Tore Børteit Rosnes, Joakim Joon Rød, Ardian Laci, Edvard Skeidsvoll

3. rad frå v: Jørgen Vevle, Robert Dyvik, Steffen Vevle Lone, Oddvin Hannisdal Hagen, Stig Andreas Langeland, Mathias Riple, Jørjan Jakobsen, Tommy Kallestad, Marius Nese Langeland, Morten Lone Kallekleiv

Fotograf Storebo

SOKNERÅDSVAL HAUSTEN 2009

I førre nummer av Kyrkjeheising vart det gjeve generell informasjon om kyrkjevalet i haust og dei nye ordningane. I dette nummeret kjem spesifikk informasjon om valordningar og kandidatlister til dei nye sokneråda.

VALKRINSAR – FYLGJER DEI SOKNEGRENSENE ?

Det er ikkje alle plassar val til sokneråd har same vallokale som valet til Stortingsvalet. Under finn ein oversikt over dei grender som ikkje har same røystelokale for Soknerådsval og Stortingsval og kor ein skal stemme i valet til nye sokneråd..

GREND	Vallokale til Stortingsval	KYRKJEVAL.
Hannisdal	Hauge	HAUS
Hakaneset	Bruvik	GJERSTAD
Svenheim	Lonevåg	HOSANGER
Langeland	"	HOSANGER
Grimstad	"	HOSANGER
Haugstveit	"	HOSANGER

VALLOKALE

Vi tek sikte på at det vert kyrkjeval alle stader på Osterøy der ein kan røysta til Stortingsvalet. Førebelts er det litt usikkert kring Votlo, men dette kjem vi attende til i seinare informasjon. I utgangspunktet vert det kyrkjeval i same bygning som til Stortingsvalet, men i eit nabolokale.

Opningstider vert dei same som for Stortingsvalet.

FØREHANDSRØYSTING

Førehandsrøysting kan gjerast på kyrkjekontoret i tida 10. august til 11. september i kontortida.

Førehandsrøysting kan også gjerast på andre stader og tidspunkt etter at kvart sokneråd har gjort vedtak om dette innan 15. juni.

KANDIDATAR TIL SOKNERÅDSVAL HAUSTEN 2009

BRUVIK SOKN

NAMN	ALDER	GREND
Magne Vikne	55	I. Bruvik
Wenche Fiskeseth	63	I. Bruvik
Otto Mo	54	Olsnes
Eliane Mo	27	Olsnes
Erling Bruvik	62	I. Bruvik
Eliane Flostrand	54	I. Bruvik
Kari Bruvik	67	Hekland
Tormod Småland	60	M. Bruvik
Grethe Ommedal	50	I. Bruvik
Tove Fjeldstad	38	Vik
Anne Vikne	47	I. Bruvik

HAUS SOKN

NAMN	ALDER	GREND
Madli Hannisdal	59	Hannisdal
Magne Øyvind Antun	38	Lekneset
Audhild Myklebust Torp	53	Lekneset
John Hundhammer	33	Kvisti
Signe Hannisdal	57	Kvisti
Fred Ove Vatle	44	Haus
Mona Anita Langøy Mostrøm	42	Votlo
Anne Grete Fossmørk Vevle	38	Rivenes
Hilda Kristine Aasheim	57	Midtre Mjelde
Laila Rolland	35	Rolland
Lars Magne Aarbakke	24	Haus
Sissel Fossheim Galaz	38	Haus
Vidar Rolland	26	Ø. Mjelde

GJERSTAD SOKN

NAMN	ALDER	GREND
Roger Breivik	66	Hatland
Randi Holm Myking	38	Hatland
Anne Karin Mørtsensen	66	Hatland
Ruth Hauge	55	Hauge
Sveinung Hartveit	51	Hartveit
Sisse Kallekleiv	37	Kallekleiv
Kjellaug Hartyeit	68	Hartveit
Solveig Brøvik	60	Lidtun
Harald Tveiterås	69	N. Vevle
IKKJE PÅ VAL		
Kari Hauge		
Ingerid Tveiterås		
Kjersti Midttun		
Oddmund Vevle		

HOSANGER SOKN

NAMN	ALDER	GREND
Solveig Tepstad	62	Fjellskålnes
Signe Rosland	63	Mjøs
Lillian M. Kleppe	43	Y. Bernes
Karin Fossdal	67	Tysse
Asgjerd Nilsen	75	Tysse
Jan Roald Myking	65	Herland
Janniken Mjøs Røskeland	36	Hoshoyde
Ingrid Jørgensen	63	Gatland
Evelyn Vedå	45	Litland
Gunnar Rosland	66	Mjøs
Sigrun Karlsen	58	Birkeland
Henny Venøy Fjellskål	54	Fjellskål
Nils Martin Hole	70	Hole

HAMRE SOKN

NAMN	ALDER	GREND
Toye Klepsvik	56	Sandal
Kristoffer Foldøy	60	Eikeland
Olaug Hartveit	40	S. Reigstad
Agnar Lutnæs	71	Hamre
Helga Mielstad	45	S. Mielstad
Ingunn Berg-Nilsen	47	Hamre
Ingeborg Mielstad	60	Eikeland
Jenny Eikeland	59	Hamre
Ingeborg Klepsvik Sæterdal	25	Sandal
Svein Olav Sandal	25	Sandal
Karianne Myking	36	Bullaåsen
Kari Aakre Høgli	40	Rundhoyde
Bjørn Tore Henriksen	40	Eikeland





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

JULI

5. s. e. pinse, 5. juli 2009: * Jak 4,11-12 1 Mos 4,8-15; Matt 7,1-5

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Melve. Nattverd.

6. s. e. pinse (Aposteldagen), 12. juli 2009: Luk 5,1-11 1 Mos 12,1-4a; 1 Tim 1,12-17

Hamre kl. 11: Høgmesse. Melve. Nattverd.

Vassdal/Bruvik kveld: Gudsteneste. Melve.

7. s. e. pinse, 19. juli 2009: Matt 5,20-24[25-26] 5 Mos 30,11-16; Fil 3,3b-11

Haus kl. 11: Høgmesse. Sørheim. Dåp. Nattverd.
Takkoffer til KRIK (kristen idrettskontakt).

8. s. e. pinse, 26. juli 2009: Mark 8,1-9 Sal 147,1-11; 2 Kor 9,8-12

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekafe i Mjøsvågen etter gudstenesta.

Olsok, 29. juli 2009:

Gjerstad kl.19:00: Olsokgudsteneste. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens familievern.
Kyrkjekaffi på Museet etter gudstenesta.

AUGUST

9. s. e. pinse, 2. august 2009: Matt 7,15-20 Mi 3,5-7; Gal 1,6-9

Geitnipa kl. 12: Frilutsgudsteneste. Sørheim.

Bruvik kl. 19: Kveldsgudsteneste. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.

10. s. e. pinse, 9. august 2009: * Sal 8,4-10 1 Kor 3,10-17; Matt 25,14-30

Hamre kl.11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

11. s. e. pinse, 16. august 2009: Luk 19,41-48 Jer 18,1-10; Rom 9,1-5 og 10,1-4

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
50-årskonfirmantar. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Kyrkjekafe i Mjøsvågen etter gudstenesta.

Haus kl. 11: Høgmesse. Melve.

Takkoffer til Bibelskulen Bildøy.

12. s. e. pinse, 23. august 2009: Luk 18,9-14 Jes 2,12-17; Rom 3,21-26

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Nattverd. Melve.
Takkoffer til Kirkens Familievern.

Kosdalalen kl.12: Frammøte ved kyrkja kl. 11:30.
Friluftsgudsteneste. Sørheim.

13. s. e. pinse, 30. august 2009: Mark 7,31-37 1 Sam 3,1-10; 2 Kor 3,4-6

Bruvik kl.11: Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
Monsen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.11: Gudteneste. Konfirmantpresentasjon.
Sørheim. Takkoffer til KRIK (Kristen Idrettskontakt).

SEPTEMBER

14. s. e. pinse, 6. september 2009: Luk 10,25-37 3 Mos 19,16-18; 1 Joh 4,7-10

Haus kl.19: Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl.?: Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
Monsen.

Hosanger kl.?: Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

15. s. e. pinse, 13. september 2009: * Sal 116,12-16 1 Tess 5,15-24; Luk 17,11-19

Osterøyhallen kl.11: Felles ekumenisk gudsteneste.
Sørheim.

16. s. e. pinse, 20. september 2009: Matt 6,24-34 1 Kong 17,8-16; Gal 5,25-6,5

Haus kl.11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar.
Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. s. e. pinse, 27. september 2009: Joh 11,17-27.37-44 Hos 6,1-3; 2 Tim 1,9-12a

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til KRIK (Kristen Idrettskontakt).

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmantar.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

GATEPRESTEN MED FELA

Thor Brekkeflat har vore ein profilert gateprest i Bergen, og vi tenkjer gjerne at slikt prestearbeid er eit nytt arbeidsområde tilpassa vår tid. Men det har vore prestar som har hatt arbeidsstaden sine mellom dei einsame, fattige og utstøyte før også. Ein av dei mest berømte må vera Antonio Vivaldi, komponisten.


Tekst: Kristoffer Foldøy

Vivaldi var fødd i den italienske byen Venezia i 1678, og utdanna seg til prest. Han vart ordinert i 1703, men prestetenesta hans blei ikkje så omfattande. Det var eit anna yrke han hadde spesielt talent for som kom til å ta mesteparten av tida hans. Ettetida hugsar han mest som komponist, verket "Dei fire årstider" er eit av dei mest spelte klassiske verk gjennom tidene. Men i si samtid var han også ein kjend violinist og dirigent. Og så var det ein annan ting som kom til å oppta han gjennom heile livet: Arbeidet med dei foreldrelause jentene på institusjonen La Pieta.

I handelsbyen Venezia hadde dei for si tid eit ganske godt fungerande sosialvesen. Kanskje var det naudsynt i ein by med eit utsnevande natteliv, der rikdom fort skifta hender, og folk frå heile verda kom og for. Det vart i alle fall fødd ganske mange born utanfor ekteskapet i byen. For desse, og andre foreldrelause ungar, hadde kommunen oppretta fire institusjonar. Den eine av desse, som berre var for jenter, bar namnet Pio Ospedale della Pieta. Det var her presten Vivaldi blei tilsett same året som han vart ordinert. Han skulle arbeida som prest, men også som musikar. I trettisju år kom han til å vera knytt til denne institusjonen, og han gjorde La Pieta kjend som staden der verdas beste dame-strykeorkester hadde tilhald.

Vivaldi må ha gått opp i arbeidet mellom jentene med stor entusiasme. Dei som hadde talent for det, fekk opplæring på instrument, dei fleste på violin. Andre fekk songtimar, og alle på institusjonen var med i koret han dirigerte. Komponisten var sjølv ganske karakteristisk av utsjånad. Han hadde flammeraudt, langt flagrande hår og ein stor, markant nose. På folkemunne blei han kalla "Il Prete Rosso", den raude presten.

Konsertane på La Pieta vart sett på som store attraksjonar i Venezia. Vivaldi skreiv gjennom heile livet ny musikk til bruk for oppsetjingar der. På mange måtar blei La Pieta også komponisten sin heim. Som ordinert prest i den katolske kyrkja kunne han ikkje gifta seg, og hadde ingen familie. Men over ein lang periode reiste han på turne i Europa med ei av jentene frå La Pieta, Anna Giraud. Ho var songerinne, og det vart sagt at Vivaldi og Giraud hadde eit nært tilhøve.



Antonio Vivaldi(1678-1741), her med parykk slik moten var på den tida. Han skriv noter med ein fjørpenn kan vi sjå. Heile livet sleit han med därleg helse. Jordmora fekk han døypt staks han var fødd "av frykt for barnets død", står det i dåpsattesten. Den plagsomme astmaen eller allergien hans var vanskeleg å kombinera med presteyrket. "Eg slutta som prest etter at eg måtte forlata alteret tre gonger under messa på grunn av sjukdommen", skreiv han i eit brev.

Med på turneane var alltid Anna si søster, kanskje for å stoppa eventuell sladder.

Sjølvsagt er det litt oppkonstruert å samanlikne arbeidet til Brekkeflat og Vivaldi. Men det ligg ein kjerne av fellesstanke i prestegjerninga til begge: Miskunn for dei som er utstøyte.

Slekters gang

HAUS

Vigde:

09.05.09 Iselin Standal og
Tor Erik Veland Hernar

Gravlagde:

29.04.09 Monrad Vatle (f.1910)

HOSANGER

Døypte:

26.04.09 Tuva Fosse-Rolland

31.05.09 Malin Strømme Solvang

31.05.09 Hannah Balestrand Hanstveit

14.06.09 Emil Andre Elvik Tysse

14.06.09 Sander Engstrøm

14.06.09 Sander Jæger Haukøy

Gravlagde:

30.04.09 Trygve Hollevik (f.1924) (Busett Bergen)

BRUVIK

Døypte:

15.03.09 August Kristoffer Mortensen Vassdal
(Busett Bergen)

Gravlagde:

12.06.09 Arthur Vik (f.1921)

HAMRE

Døypte:

03.05.09 Jonas Rundhovde

03.05.09 Emma Holme Tysse

01.06.09 Jostein Aanstad Storebø

01.06.09 Askild Terje Sandnes Solberg

01.06.09 Henriette Eilertsen Brandsdal
(Busett Bergen)

01.06.09 Sebastian Solberg Lund

Vigde:

06.06.09 Lene Reigstad Clausen og
Ove Ingemar Botnen Danielsen

Gravlagde:

09.06.09 Gerd Jakobsen (f.1936)

GJERSTAD

Døypte:

07.06. Lucas Heimvik Bønes

07.06. Aleksander Hole Holsen

Gravlagde:

22.05. Magne M. Rongved (f.1927)

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjhev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

ORGELMUSIKK I HAMRE KYRKJE



Sundag 16/8-09 kl 19 vert det konsert med den belgiske organisten Frank Heye.

Frank Heye har utdanning frå det Kongelege Musikkonservatoriet i Gent, og har dessutan delteke i meisterklassar med J. Huys, E. Kooiman, T. Koopman og G. Bovet. No er han organist i Destelbergen, nær Gent.

Han har spelt inn nokre plater, mellom anna ei med orgelmusikk av komponistar frå Gent.

Til konserten i Hamre har han sett saman eit program med musikk som passar for det orgelet som står der, bygd av Gebruder Reil i 1990, i nordtysk/nederlandsk tidlegbarokkstil. Han skal spele musikk av Sweelinck, Buxtehude og Bach, og så ei avdeling med musikk av flamske komponistar.

- Liv Skoglund

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

GOD SOMMAR!

Det ligg ein sommar framfor oss. Vona om soldagane er trygt forankra i oss, sjølv om det i skrivande stund har snudd frå finver til regn no like før Jonsok. Sommaren er ikkje den årstid som har størst kyrkjeleg aktivitet, så årstida kan nytast også av dei kyrkjeleg tilsette. Desto meir liv og røre vert det i september, når den nye ordninga for kyrkjevalet skal prøvast ut for første gong. Neste nummer, som kjem ut like før valet, vil ha meir informasjon om dette.

FRIST FOR STOFF TIL NESTE NUMMER:
14.08.09

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com